

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 09.11.21
SAKSHANDSAMAR: Kjell Rune Hellesund
SAKA GJELD: **Budsjett for Helse Fonna HF 2022**

STYRESAK: 85/21

STYREMØTE: 26.11.21

0 vedlegg

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Fonna HF vedtek budsjett for Helse Fonna HF 2022
2. Styret i Helse Fonna HF gjer administrerande direktør fullmakt til å gjere endringar om rammevilkåra frå Helse Vest RHF blir endra
3. Styret i Helse Fonna HF gjer administrerande direktør fullmakt til å gjere justeringar/endringar innanfor ramma av det vedtekne budsjettet
4. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør følgje opp økonomistyringa i høve til budsjett, og rapportere til styret på same format som i 2021

1. Innleiing

Tildeling av førebels rammer frå Helse Vest RHF (styresak 050/21) er lagt til grunn i budsjettframlegget. Budsjettet blir fremja med eit negativt resultat på 20 millionar kroner iht. førebels resultatkrav.

2. Budsjettprosess og metode

Budsjettprosessen starta primo juni og føretaket har lagt opp prosessen etter budsjettkalender frå Helse Vest RHF.

Helse Vest legg følgjande føringar til grunn for handsaminga av budsjettet:

- Helseføretaka skal nytte rammebudsjettering som metode for 2022
- Budsjettet skal byggja på inntektsføresetnader og resultatkrav gitt av eigar
- Rammene skal være budsjettert til lågaste organisasjonsnivå i føretaket

Milepælar for budsjettprosessen:

Tidsfrist	Aktivitet	Kommentar
16. juni 2021	Førebels inntektsramme og resultatkrav 2022 fastsett av styret i Helse Vest	Helseføretaka må med utgangspunkt i førebels inntektsfordeling sette i gang budsjettprosessen
August/september	Utarbeiding av budsjett i helseføretaka	
Primo oktober 2021	Statsbudsjett 2021	Gjennomgang og avstemming av føresetnader, aktivitet, prioriteringar, utfordringsbilde og tiltaksplanar
Medio november	Inntektsramme 2022 med resultatkrav blir sendt ut til HF-a	Blir behandla av styret i Helse Vest i møte den 8.12.2021
Nov/Des 2021	Budsjett i HF-a behandla av styret	Styremøte i HF-a
Ultimo november	Budsjett 2022 handsamast i Helse Fonna HF styremøte 26/11-2021	Saka må handsamast med atterhald om endringar i inntektsramme frå Helse Vest RHF
14.01.2022	Budsjett i HF-a ferdig oppdatert og overført til SAP	Klar for gjennomgang og kvalitetssikring
Veke 3	Kvalitetssikring av budsjett i HF-a	
Veke 4	Gjennomgang av resultat frå kvalitetssikring av budsjett	
Februar 2022	Styresak konsernbudsjett 2022	Styret i Helse Vest RHF

I takt med aukande oppgåvemengde og utfordringar i drifta er det stadig meir krevjande å få rammer og inntekter til å strekke til. Enkelte kostnader, som til dømes legemidlar og IKT aukar stadig meir enn prisveksten skulle tilseie. I tillegg er det i 2022 venta press på prisar og i særleg gjeld dette innanfor straum og andre energiformer. Andre tilhøve som fortsatt spelar inn er pandemien og innflyttinga i nytt bygg, der drifta i skal komme på plass og budsjetterast i sitt første heile driftsår i 2022. Arbeid med realisering av gevinstar med ByggHaugesund2020 og IKT-prosjekt må fortsetje med full tyngde.

Det vil vera naudsynt å gjennomføre kostnadsreducerande tiltak for å kome på rett kostnadsnivå. For å sikre gjennomføringsevna av tiltaka har føretaket lagt vekt på involvering og forankring i organisasjonen gjennom både leiarar, tillitsvalde og verneombod. Budsjettprosessen er gjennomført med fleire handsamingar i dei ulike leiarnivåa for å sikre god og brei forankring av dei prioriteringane som er gjort.

Helse Vest RHF presiserer at dersom helseføretaka ynskjer å prioritere nye oppgåver eller å endra behov, må desse finansierast innanfor den økonomiske ramma som er fordelt gjennom inntektsramma.

Budsjettet er drøfta med dei tillitsvalde og handsama i arbeidsmiljøutvalet 16. og 18. november.

Tiltak som krev endringsprosessar vil bli drøfta og gjennomført i tråd med retningsliner for dette. Det vil bli tatt omsyn til arbeidsmiljø, kvalitet og pasienttryggleik i det vidare arbeidet, i samarbeid med vernetenesta og medarbeidarane sine organisasjonar.

3. Føresetnader

Strategi, plan og retning for budsjettet

Dei fire kjerneoppgåvene til spesialisthelsetenesta er: Pasientbehandling, utdanning av helsepersonell, forskning og opplæring av pasientar og pårørande (jf. § 3-8 i spesialisthelsetenestelova).

Følgjande dokument gir sentrale føringar for utvikling av spesialisthelsetenesta og utarbeiding av langtidsbudsjett:

- Ny Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023
- Helse 2035/Regional utviklingsplan 2019-2035
- Helse Fonna Utviklingsplan
- Styringsdokumenta til helseføretaka

Dei årlege styringsdokumenta til helseføretaka gjev konkrete føringar og rammer for inneverande år. Mange av føringane i styringsdokumenta må også sjåast i eit lengre perspektiv og vurderast i økonomisk langtidsplan.

Desse overordna lokale og regionale føringar ivaretekne i budsjettarbeidet.

Styret i Helse Fonna HF vedtok i mai 2021 i sak 38/21 økonomisk langtidsplan med investeringsbudsjett for Helse Fonna HF. Intensjonane i økonomisk langtidsplan er ivaretekne i arbeidet med budsjettet for 2022.

Statsbudsjettet for 2022 peiker på følgjande satsingsområder

- Auka pasientbehandling og reduksjon av ventetider etter covid19
- Prioritere psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling
- Betre kvalitet og pasienttryggleik

- Teknologi og digitalisering
- Investeringar

Resultatkrav

Helse Vest RHF handsama førebels inntektsramme og resultatkrav i styremøte den 16.06.21 i sak 050/21. Helse Fonna HF har basert budsjettarbeidet på desse føringane. Førebels inntektsramme er utarbeidd i same kroneverdi som budsjett 2021 utan justering for deflator. I endeleg inntektsramme som blir behandla i Helse Vest RHF sitt styremøte i desember, vil oppdatert inntektsramme vere basert på føresetnaden i Statsbudsjettet for 2022 og då utarbeid med basis i 2022 kroneverdi. Helse Fonna HF vil etter vedtaket i styremøte til Helse Vest RHF, oppdatere budsjettet med deflator og dei endringane som gjeld Helse Fonna HF.

Helse Fonna HF har lagt til grunn eit resultatkrav på minus 20 millionar kroner. Tabellen nedanfor syner resultatkravet for Helse Fonna HF og resten av føretaksgruppa.

Førebels Inntektsramme	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2022	226 000	-20 000	150 000	24 000	8 000	1 000	150 000	539 000

Inntektsfordelingsmodellen og inntektsramme

Inntektsramma for 2022 er tildelt i samsvar med dei etablerte inntektsfordelingsmodellane mellom helseføretaka i regionen. Tabellen nedanfor syner inntektsfordelinga for Helse Fonna HF og føretaksgruppa basert på førebels inntektsfordeling frå Helse Vest RHF:

INNETKTSFORDELING 2022	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds- plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 271 875	1 047 925	3 563 507	709 849	392 438	-	7 985 593
SUM, basisramme fordelt etter modell	4 595 847	2 353 798	6 571 909	2 006 855			15 528 409
Kvalitetsbasert finansiering	26 978	12 119	41 749	10 960			91 806
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	442 196	248 240	1 168 317	168 898	524 791	3 388 973	5 941 415
Øymerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	10 251	0	53 461	0	0		63 711
SUM, inntekt 2021 fordelt frå RHF	7 347 147	3 662 082	11 398 941	2 896 561	917 229	3 388 973	29 610 935

Aktivitet og inntekt

Basert på foreløpig bestilling frå Helse Vest RHF, har Helse Fonna lagt inn ein aktivitetsvekst på 0,5 prosent frå 2021 til 2022. Dette er det same som blei lagt til grunn i økonomisk langtidsplan 2022-2026.

Utrekning av overslagsløyving for 2022	Stavanger	Fonna	Bergen	Færde	HDS	Avtaler	SUM
Bestilling 2021	92 150	42 981	151 223	29 005	16 601	3 394	335 354
Aktivitetsvekst 1% - fordelt vekst HF etter same forhold som ØLP	1 106	215	1 815	116	199	75	3 525
Overslagsløyving for 2021 - DRG-produksjon, eige HF, inkl. somatisk poliklinikk	93 256	43 196	153 038	29 121	16 800	3 469	338 879
Fråtrekk, DRG-poeng for pasientar som høyrer til ein annan region	-1 456	-202	-4 048	-572	0	0	-6 278
DRG-poeng for eigne pasientar som er behandla i andre regionar eller hos private	5 459	1 868	3 564	1 840	0	2 300	15 031
DRG-poeng, eigne pasientar hos Feiring							0
Estimat over DRG-poeng for pasientar høyrer til i Helseregion Vest	97 259	44 862	152 554	30 389	16 800	5 769	347 632

Ved fastsetting av basisramma er det lagt til grunn at den forventa aktivitetsauken blir kompensert tilsvarende 80% som eit anslag for marginalkostnad på auka aktivitet.

Inntekter fordelt utanfor modell er i hovudsak vidareført i inntektsbudsjettet på 2021 nivå.

Inntektene frå Helse Vest blir med desse endringane 3 662 millionar kroner som er lagt til grunn i budsjettet. I tillegg er det lagt inn ISF-inntekter for psykisk helsevern på 53,238 millionar kroner. Desse inntektene er ikkje med i tala i tabellane ovanfor. Samanlikna med 2021 blir det ein nominell auke i inntekter frå Helse Vest på 0,9 prosent for Helse Fonna HF.

4. Utfordringar

Frå 2017 har det innan somatikk vore høgare vekst i personalkostnader enn i den inntektsnivande aktiviteten. Med pandemien i 2020 og 2021 har gapet mellom personalkostnader og inntektsnivande aktivitet blitt større. Dette gjer utfordringar etter pandemien då alle ekstra midlar blir fjerna frå 2022, medan føretaket sitt kostnadsnivå fortsatt ligg noko høgare enn dei normaliserte rammene tillèt. I samband med pandemi er det til dømes etablert vaktordningar som berre delvis er avvikla til no. Vi veit også at det fins ein del følgjekostnadar av pandemi og beredskap som heller ikkje er talfesta eller registrert. Alt dette bidrar til at vi utover hausten 2021 har for høg styringsfart for kostnadane i føretaket. På grunn av dette og framleis eit svært usikkert endepunkt av pandemien har vi lagt opp til ein overordna buffer i budsjettet til å møte uventa kostnadar i 2022.

Vi ventar - og det vert forventa - eit høgt aktivitetsnivå i 2022. Pandemisituasjon og dels ein stor og krevjande flytteprosess har satt oss i ein situasjon med noko etterslep, auka ventelister og fristbrot. Samstundes kjem det signaler om auka aktivitet i bestillinga for 2022, noko som samla legg opp til ein situasjon med svært høg kapasitetsutnytting. Det knyt seg stor usikkerhet omkring kostnadsbildet i dette, då auka aktivitet berre vil bli kompensert ut frå ein marginalkostnad på 80%.

I 2022 vil drifta i den nye Sørvest-blokka bli innarbeid i budsjettet for eit fullt driftsår. Alle dei ekstra kostnadane som dette medfører er dekkja innanfor den ordinære budsjettamma, og føretaket mottar ingen ekstra tilskot til dette føremålet. Ekstra kostnadar knytter seg særleg til avskrivningar, renter og til drift av lokala. Årsverknad på avskrivningane knytt til nybygg med utstyr/inventar er om lag 70 millionar og tilsvarende blir rentekostnadane i drifta er førebels budsjettetert med om lag 20 millionar kroner. Planar for gevinstrealisering i samband med nytt

bygg ligg til grunn for rammene som er gitt ut til klinikkane og dette er innarbeidd i budsjettforslaget.

Varekostnadane aukar utover aktivitetsveksten. Dette gjeld særleg innanfor H-resept legemidlar, kreft-legemidlar og behandlingshjelpemiddel. Vi ventar ein auke for desse kostnadselementa med til saman 21 millionar kroner.

Kostnadane med legemiddel på H-resept er høgare enn budsjett i 2021. Sjølv om budsjettet i denne saka ikkje inneheld nye element frå statsbudsjettet, er noko auka kostnad til legemiddel tatt inn i tala.

Det er signalisert ein auke i kostnadar knytt til kjøp av IKT-tenester på omlag 10 millionar kroner. Dette er ikkje endelege tall frå Helse Vest IKT og det kan koma endringar.

I økonomisk langtidsplan ligg det frå og med 2022 inne nokre år med redusert resultatkrav for å takle overgangen med høge faste kostnadar i samband med nybygg. Endringa i resultatkrav frå 2021 til 2022 er på heile 54 millionar kroner, noko som bidrar godt til å gje dekning for nye faste kostnadar utan å ramme drifta. Vi veit at dette krev auka innsats og må hentast inn igjen i form av rasjonell drift og gevinstrealisering, slik at resultatata i åra som kjem igjen kan komme opp i pluss på et langsiktig berekraftig nivå.

Ut frå dei førebels rammene anslår vi likevel at føretaket har ei samla utfordring på om lag 100 millionar kroner i 2022 budsjettet. Klinikane har fått styrka sine rammer ut over dei opprinnelege rammene slik at det overordna risikobiletet er redusert.

5. Føretakets handtering av utfordringane

Drift av tre somatiske sjukehus med akuttfunksjonar fører til at det er etablert mange vaktlag for å dekke øyeblikkeleg hjelp funksjonar på alle lokasjonar. Kompetansen og bemanninga som er nødvendig for beredskapen ved desse sjukehusa gjer at Helse Fonna må tydeleg prioritere kjerneverksemd i budsjettet for 2022.

Den største kostnaden i budsjett for 2022 er personalkostnadar. Dette er området som peikar seg ut med størst risiko. Det må i 2022 vere kontinuerlige endring- og forbetningsprosessar for å tilpasse bemanninga til drifta på sengepostane i Helse Fonna. Trenden viser at det er færre pasientar som får døgnbehandling i sjukehus, medan fleire får poliklinisk behandling. Dette må ligge til grunn for både drift og planlegging.)

For å ta ned risikoen for overforbruk av personalkostnader er det i budsjettet lagt inn konkrete tiltak for å halda veksten på planlagt nivå. I tillegg er det sett forbetningskrav for alle klinikkane som er med på å redusere risikoen i lønnsbudsjettet i 2022. Forbetringane skal sikre meir effektiv nytte av personalressursane, meir effektiv behandling til beste for pasient og gi ein positiv økonomisk effekt gjennom lågare kostnader.

Medisinsk utvikling og endring i tenestetilbudet som følge av bedre samhandling med kommunane skal bidra til å redusere personalkostnader i sjukehus i 2022. For pasientane vil dette kunne gje raskare medisinsk avklaring og kortare liggetid.

Kreftpasientar i pakkeforløp skal prioriterast, medan pasientar i behov av mindre inngrep og/eller ikkje akutte inngrep/behandingar vil kunne oppleve noko lengre ventetid. Det vil bli arbeidd for å ha kortare ventetid enn dei nasjonale målkrava innan både somatikk og psykisk helsevern. Basert på erfaring og forskingsbasert kunnskap vil arbeidet med å gi pasientane behandling i poliklinikk eller dagbehandling i staden for i sjukehusseng halde fram.

Det er innan somatisk behandling lagt opp til reduksjon i gjennomsnittleg liggjetid som følge av raskare medisinsk avklaring for den enkelte pasient, medisinsk utvikling og auka samhandling med kommunane om bruk av kommunalt tilbod.

Det er viktig å unngå overbelegg og korridorpatientar på sjukehusa i Helse Fonna. Det er sett i verk tiltak for å sikre at pasientar skal unngå å ligge i korridoren når dei treng sjukehusopphald. Betre intern samhandling mellom einingane i sjukehusa, og på tvers av sjukehusa i føretaket, skal bidra til dette.

Det blir arbeidd kontinuerleg for å redusere sjukefråværet i Helse Fonna. Lågare sjukefråvær vil gi ein økonomisk gevinst. Dette gjeld særskilt for Haugesund sjukehus, der det er lagt inn gevinstar for lågare sjukefråvær med nytt bygg.

Det vil i 2022 framleis vere viktig med kvalitetsforbetring for å betre nytte pleieressursane på best mogleg måte. Ei kontinuerleg utvikling innan IKT og tilhøyrande organisasjonsutvikling, færre pasientar i sjukehus og medisinsk utvikling vil alle føre til endring i bruk av pleieressursane til beste for pasientane. Dette er venta å gi økonomisk effekt. Ei samordning av ressursar knytt til poliklinikk og døgnbehandling basert på kor pasienten blir behandla vil og vere viktig for å nå økonomiske måla for 2022.

Etter innflytting i nytt sjukehus bygg i Haugesund frå september 2021, vil dei totale budsjettmessige kostnadane med drift, avskrivningar og renter auka om lag 69 millionar kroner til 2022. Resultatkravet er difor justert ned frå 34 millionar kroner i 2021 til minus 20 i 2022. I 2022 er det lagt til grunn gevinstar på 11 millionar kroner og frå 2023 årlege gevinstar på 25 millionar kroner.

Effekten av samhandlingsreforma og samarbeid med kommunar er forventta å gi redusert bruk av senger ved sjukehusa gjennom auka bruk av kommunale ØH-senger og ved at ferdigbehandla pasientar får eit kommunalt tilbod.

Det er ei overordna målsetting å betre oppgåvedeling og samarbeid mellom sjukehus og sengepostar.

I planlegging og gjennomføring av endringane vil administrerande direktør ta omsyn til arbeidsmiljø, pasienttryggleik og kvalitet.

Administrerande direktør tilrår følgjande konkrete tiltak

- Reduksjon av senger på ortopedisk, gastro-urologisk sengepost Haugesund sjukehus sommaren 2022
- Stenge gynekologisk sengepost, Haugesund sjukehus heile ferieperioden 2022
- Samedagsmottak i operasjonsavdelinga vil redusere belastninga på sengepost før pasientane skal til operasjon.
- Auke delen av dagkirurgiske forløp
- Auka bruk av telefon/video konsultasjonar
- Fokus på rett koding gjennom kurs/opplæring/kontroll
- Nytte observasjonsplassar
- Overlegar i akuttmottak i Haugesund bidrar til å behandle ferdig pasientar i mottaket
- Samdrift av medisinske sengepostar og reduksjon tal senger ved spesialisert rehabilitering og kirurgisk sengepost Stord sjukehus om sommaren 2022
- Reduksjon av elektiv drift ved Stord sjukehus i sommarperioden 2022
- Forbetring av pasientforløp og logistikk
- Styrke det polikliniske og ambulante tilbodet innan både psykisk helsevern, rus og somatikk, slik at omsynet for innleggingar reduserast
- Fagrådsvurdering av behandlingshjelpemidlar
- Justeringar av bemanningsplanar og tenesteplanar
- Innføring av kapasitetsmøter på føretaksnivå for utnytting av ressursar på tvers av klinikk og sjukehus
- God planlegging av sommarferieavvikling gir mindre behov for innleie og overtid

Dei ulike klinikkane

Innan psykisk helsevern og rus er det behov for å vidareutvikle behandlingstilbudet for barn og unge, utvikle og styrke dei ambulante tenestene for vaksne med psykisk liing og rusavhengighet samt styrke det sikkerhetspsykiatriske behandlingstilbudet og behandlingstilbudet for innsatte i fengsel. For budsjettåret 2022 er det blitt tilført øyremerka midlar frå Helse Vest for å styrke det sikkerhetspsykiatriske behandlingstilbudet, behandlingstilbud til unge overgriperar og områdefunksjon fengsel.

I budsjettet for 2022 har det blitt lagt til rette for å auke kapasitet i poliklinikk i BUP-feltet gjennom å auke talet på behandlar-årsverk samt sikre meir hensiktsmessige behandlingslokale. Under føresetnad av at det blir rekruttert inn nødvendig fagpersonell, vil ein med dei planlagde tiltaka i budsjett for 2022 unngå fristbrot og få ei ventetid ned mot dei regionale målkrava. Det hadde vore ynskjeleg med ein ytterlegare styrking av BUP-feltet, men den vanskeleg rekrutteringssituasjonen gjer at det ikkje er hensiktsmessig for 2022.

Når det gjeld vaksenpsykiatri og tverrfagleg spesialisert rusbehandling er det lagt til rette for auka ambulant verksemd i form av ACT/FACT team ved alle dei distrikspsykiatriske sentra samt styrking av det sikkerhetspsykiatriske behandlingstilbodet ved DPS-a. Når det gjeld det sikkerhetspsykiatriske behandlingstilbodet ved DPS-a, har det blitt prioritert å auke talet på spesialister og behandlarar i psykose-poliklinikkane som kan gjennomføre farlegheitsvurderingar og følgje opp sikkerheitspasientar som er blitt rehabilitert ut til kommunane. Ved Stord DPS, som har inne søknad om godkjenning som utdanningsinstitusjon innan den nye russpesialiteten for leger, vil TSB-feltet bli styrka med ein utdanningsstilling for legar (LIS3). Vidare er Haugaland DPS som har den lågaste andelen behandlere per 1000 voksen befolkning i Helse Fonna, blitt tilført spesialistressursar for å styrke det allmenpsykiatriske behandlingstilbodet. Dette er nødvendig for å oppnå dei regionale målkrava med omsyn til ventetid. Ved Haugaland DPS vil det og bli etablert områdefunksjon for Sandeid fengsel og Haugesund kretsfengsel i 2022. Utover dette er LAR sentral-eining planlagt overført frå Haugesund sjukehus til DPS-a i 2022.

På sjukehusnivå er det det sikkerhetspsykiatriske behandlingstilbodet styrka. Dette vil bidra til å styrke arbeidet med rehabilitering og oppfølging av pasientar ute i kommunane. Gjennom interne omprioriteringar er det vidare planlagt å styrke pleiefaktor på sikkerheitspost ved å overføre funksjonen koordinerande sjukepleier natt frå akuttpost til sikkerheitspost. Etablering av felles akutt mottak somatikk og psykisk helsevern og ein målsetning om ein meir heilheitleg tilnærming til psykisk og somatisk sjukdom gjer at det er nødvendig å utvikle og styrkje liason tenestene ved Haugesund sjukehus.

Føretaket har ei særleg utfordring med kostnader til innleie av helsepersonell. Utfordingar knytt til rekruttering av kvalifisert personell gjer at fleire einingar delvis har basert drifta på innleie. Det er planlagt tiltak for å rekruttere i behandlarstillingar for å ta ned bruken av innleie.

Når ein ser på aktivitet er det lagt opp til ein 1,4% aktivitetsauk for poliklinikk innan psykisk helsevern. I forhold til liggjedøgn har klinikken lagt seg omtrent på same nivå som 2021.

Risiko knytt til kostnader for gjestepasientar og pasientar under ordninga Fritt Behandlingsval (FBV) er det tatt omsyn til.

Klinikk for medisin Haugesund og Odda vil fortsette å dreie frå døgn til dagbehandling. Poliklinisering av forløp skal skje allereie i akuttmottak. Overlegar i akuttmottak på dagtid vil i tillegg til å bidra til poliklinisering også bidra til å førebygge innleggingar som kan handterast på eit lågare omsorgsnivå.

Covidpandemien har gitt stor påverknad på klinikk for medisin, og drifta både i Haugesund og Odda har vært endra på fleire områder. Det er uvisst korleis pandemien vil prege drift i praksis i 2022, det vil ta tid å normalisere drifta tilbake til tida før Covid.

Avdelingane i klinikken som har størst utfordringar med å halde seg innafor budsjett er Medisinsk intermediaær overvaking, Somatikk Odda, Medisin avdeling A og Barneavdelinga. Det finnes ingen konkrete tilstrekkelig grep for å få kontroll på dette på kort sikt, klinikken og avdelingane jobbar kontinuerleg for å finne risikoreduserande tiltak.

Klinikk somatikk Stord har som mål å klare å rekruttere inn i ledige overlegestillingar og andre ledige stillingar som genererer bruk av vikarbyrå. Det vil økonomisk kunne gi mindre utgifter i vikarbyråinnleige. Klinikken får styrka bemanning innan anestesi og har som mål å innføre tilstadevakt for anestesilegar.

Betre kodepraksis og opplæring for å sikre rett koding vil gje rett og betre inntekt.

Kirurgisk sengepost på Stord overfører stilling til sårpoliklinikk for å betre pasientforløp.

Kirurgisk klinikk, Haugesund vil ha et fokus på effektive pasientforløp med dreining frå seng til stol (dagkirurgi). Det nye samedagsmottaket vil bidra i stor grad til å nå målet. Klinikken vil også sikre betre kodepraksis og opplæring for å sikre rett og betre koding som vil kunne gje høgare inntekt.

Innkjøpslojalitet og informasjon om inngåtte innkjøpsavtalar er eit område klinikken har fokus på.

Klinikk for medisinske tenester og beredskap vil ha fokus på rett servicenivå til rekvirentar både innan til dømes radiologi og laboratorietenester.

Det er tatt i bruk eit svært moderne, automatisert laboratorie. Repertoaret vil bli utvida, og ein ventar at fleire rekvirentar vil nytte laboratoriet.

Det er forventa at nye, gode lokale og automatiserte arbeidsprosessar vil ha positive verknad på arbeidsmiljø og sjukefråvær.

Det vil i 2022 bli arbeidd i klinikken med å ta ut gevinstar som ligg i planane for byggetrinn 1 ved Haugesund sjukehus.

6. Mogelegheiter

September 2021 blei det nye bygget ved Haugesund sjukehus tatt i bruk. Dette fører til at mange område er og blir gjennomgått for forbetring og utvikling. Medarbeidarane arbeidar med ulike arbeidsprosessar som er tilpassa nytt sjukehusbygg og den økonomiske ramma. I det pågåande utviklingsarbeidet skal kvalitet og god pasientbehandling oppretthaldast.

Det pågår store investeringar i teknologiske løysingar til sjukehusa. Dette skaper energi i organisasjonen og setter sjukehusdrifta i eit framtidretta perspektiv. Det nye laboratoriet i Haugesund vart frå 2021 fullautomatisert. Vidare skal alle pasientane på dei somatiske sjukehusa neste år kunne sjekke inn og betale for opphaldet ved hjelp av eigen mobil. Digitale tavler blir tatt i bruk på vaktrom for å dele kunnskap. Screening for brystkreft er overført til Helse Fonna for Rogalandsdelen av føretaket og det er planlagt å ta over Vestlandsdelen av befolkninga i 2022. Vidare er det som ei førebuing til screeningprogram for mage- og tarmkreft satsa på oppbygging av moglegheiter for endoskopi for mage- og tarmsjukdommar.

Nokre tiltak i 2022 er:

Den gylne regel

Føretaket legg opp til å følgje den «gylne regel» i budsjettet for 2022.

Satsing på gode pasientforløp

Satsinga på gode pasientforløp held fram med fortsatt dreining frå seng til stol og dagkirurgi. Fleire pasienter skal komme direkte til operasjons avdelinga på operasjonsdagen for å slippe å bli lagt inn på sykehuset dagen før. Eventuelle nye pakkeforløp vil bli implementert.

Uniformar til psykisk helsevern

Som smitteverntiltak er det i budsjettet sett av midlar til vidareføre bruk av kvitt tøy innan psykisk helsevern

Nye lokale til psykisk helsevern ,

Deler av barne- og ungdomspsykiatrien flyttar ut til eksterne lokale. Dette vil sikre auka aktivitet, redusert ventetid og betre arbeidstilhøve for medarbeidarar.

Satsing på heiltid

Medarbeidarundersøkinga for 2021 viste at fleire peikte på høg arbeidsbelastning og manglande ressursar for å gjere jobben sin.

Helse Fonna har fleire medarbeidarar i deltidstilling som ynskjer høgare stillingsprosent. Ein av fem overordna risikoar som føretaksgruppa i Helse Vest peiker på er ekstern turnover.

Desse faktorane gjer at administrerande direktør vil sette i gang eit arbeid for å auke stillingsprosent og heiltid for medarbeidarar i føretaket i 2022. Det er delt ut ekstra midlar til klinikkane for å leggje til rette for dette.

Satsing på forskning

Det er for 2022 satt av inntil 1,5 MNOK for medfinansiering av eventuell tildeling av midlar til mindre føretak frå Helse Vest. I 2022 er det eit ekstra fokus på å følgje opp handlingsplan for kliniske studiar.

Nye legestillingar

Det er i budsjettet lagt inn styrking av anestesi-, intensiv og operasjonseiningane med tre legestillingar innan anestesi, to ved Haugesund sjukehus og ein ved Stord sjukehus.

Utdanning av spesialsjukepleiarar

Ordninga med utdanningsstillingar for spesialsjukepleiarar/jordmor i Helse Fonna HF blir vidareført.

Traineeordning

Føretaket vidarefører ordninga med traineesjukepleiarar.

Bemanningscenteret vidareføres

Bemanningscenteret blir vidareført. Dette gjer betre fleksibilitet i bruken av pleieressursar.

Nybygg Haugesund sjukehus

Det er i budsjettet sett av midlar til drift av nybygg ved Haugesund sjukehus. Ein legg til grunn ordinær drift og det er ikkje sett av midlar for å dekke eventuelle større eller mindre ombyggingar/tilretteleggingar i bygget. Midlane skal i hovudsak dekkje kostnader knytt til kommunale avgifter, strøm/gass, forsikring, service og vedlikehaldsavtaler for tekniske anlegg.

Nytt laboratorium ved Haugesund sjukehus.

Det er stor grad av automatisering og autovalidering av mange arbeidsprosessar. Vidare er det innført transportrørordning for raskare sending av blodprøver til laboratoriet.

Det går føre seg arbeid for å utvide og auke repertoaret. Det er berekna ein total redusert varekostnad på bakgrunn av nye kontraktar.

7. Resultatbudsjett

Helse Fonna HF	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Endring	Endring i %
ISF egne pasienter	1 002 426	1 007 380	4 954	0,5 %
ISF egne pasienter behandla i andre regionar/privat	40 505	40 545	40	0,1 %
ISF egne pasienter psykiatri	52 503	53 238	735	1,4 %
Kvalitetsbasert finansiering	12 131	12 119	-12	-0,1 %
Basisramme	2 291 734	2 353 798	62 064	2,7 %
Sum inntekter fordelt etter modell	3 399 300	3 467 080	67 780	2,0 %
Sum inntekter fordelt utenfor modell	281 206	248 239	-32 967	-11,7 %
Sum inntekter fra HV	3 680 506	3 715 319	34 813	0,9 %
Andre behandlingsrelatert inntekter	155 461	157 637	2 176	1,4 %
Gjestepasientinntekter eksternt	12 255	12 255	0	0,0 %
Andre inntekter	42 361	42 361	0	0,0 %
Sum egne inntekter	210 077	212 253	2 176	1,0 %
Sum driftsinntekter	3 890 583	3 927 572	36 989	0,4 %
Kostnadsbudsjett				
Lønns og personalkostnader ekskl. reiser	2 564 646	2 562 280	-2 366	-0,1 %
Varekostnader	513 576	522 328	8 752	1,7 %
Gjestepasient kostnader ekstern	82 424	90 424	8 000	9,7 %
Gjestepasient kostnader intern i regionen	65 409	63 087	-2 322	-3,5 %
Andre driftsomkostninger	478 870	498 270	19 400	4,1 %
Avskrivninger/Nedskrivninger	142 359	190 000	47 641	33,5 %
Netto finans	9 299	21 183	11 884	127,8 %
Sum driftsutgifter	3 856 584	3 947 572	41 454	1,1 %
Resultat/resultatkrav	34 000	-20 000	-54 000	-158,8 %
Resultatgrad	0,95 %	-0,51 %		

Inntekter

ISF-inntekter for egne pasientar i eige føretak i budsjett 2022 er basert på aktivitet planlagt ut frå bestillinga frå Helse Vest for 2022, og gjeldande einingspris er nytta (NB 2021-kroner). Det er lagt opp til at psykisk helsevern og rus skal ha ein høgare vekst enn innanfor somatikk.

ISF-inntekter for egne pasientar behandla i andre regionar er i samsvar med føresetnadene frå Helse Vest. Utviklinga på dette området har dei siste åra vore relativt stabil, men med vidare satsing på ordninga fritt behandlingsval i 2022, kan denne inntekta og tilsvarende kostnadar bli høgare enn det som er budsjettert.

Rammetilskot er budsjettert i tråd med førebels tildelt ramme frå Helse Vest RHF.

Dei behandlingsrelaterte inntektene (ekskl. ISF) er venta å gå opp med 1,4% i forhold til budsjett 2021. Dette er i tråd med signaler i statsbudsjettet og kjem i hovudsak av auka poliklinisk aktivitet både innan somatikk og psykisk helsevern som gjev høgare inntekter frå eigenandeler.

Gjestepasientinntektene frå andre regioner har auka kraftig dei seinare åra. Budsjettet for 2022 er lagt på same nivå som for 2021. Det same gjeld for andre inntekter (ikkje behandlingsrelaterte).

Kostnadar

Budsjettet er lagt i tråd med den planlagde aktiviteten i dei ulike einingane. I dette ligg det ein forventet reduksjon i kostnadsnivå på vei ut av pandemisituasjonen samt stadig betre avtalar for varekost som er med på å holde den totale varekostnaden nede. Dei totale varekostnadane i føretaket aukar likevel meir enn aktivitetsveksten. Dette skuldast særleg H-resept legemidlar, kreft-legemidlar og behandlingshjelpemiddel. Vi har tatt høgde for ei auke i desse kostnadselementa med til saman 21 millionar kroner. Totalt sett er det lagt opp til ein varekostnad i 2022 som er 1,7% høgare enn budsjettet for 2021.

Kostnadane knytt til gjestepasientar er i ferd med å normalisere seg etter pandemisituasjon i 2020 og 2021. Budsjettet for gjestepasientkostnadar er difor justert opp med om lag 5,7 millionar kroner.

Personalkostnadane for 2022 er redusert med netto 0,1 prosent i høve til budsjettet for 2021. Bemanningsplanane i klinikkane er tilpassa aktiviteten som er planlagt på dei ulike einingane, og arbeidet med gevinstrealisering held fram inn i 2022. Tala indikerer også ei planlagt normalisering frå ei drift som har vore tungt påverka av pandemisituasjonen. Ein del ekstraordinære tiltak innanfor psykisk helsevern bidrar til ein auke i personalkostnadane på dette feltet.

Andre driftskostnadar (ADK) er totalt auka med 19,4 millionar kroner i budsjett 2022 i forhold til fjoråret. Føretaket får ein auke i kostnadane til driftsavtalen med Helse Vest IKT på om lag 10 millionar kroner. Auka driftskostnadar med nytt bygg er budsjettert med om lag 9 millionar kroner. Elles er det mindre justeringar på enkeltpostar i budsjettet.

Avskrivningane er basert på den faktiske bokførte anleggsverdien i tillegg til investeringar planlagt i 2022. Det er nybygget i Haugesund med utstyr som gjer at avskrivningane aukar med 47,6 millionar kroner.

Netto finans aukar som følgje av at rentekostnadar i samband med nybygget kjem inn i budsjettet med full årsverknad frå 2022.

8. Risiko

Med usikkerheit i kor lenge pandemien vil vare og kva effektar det vil gje i 2022, vil risikoen i budsjettet for 2022 vere høgare enn tidlegare år.

Det fleire typar risiko relatert til drifta i føretaket. I budsjettsamanheng har ein vurdert risiko som sjanse for ikkje å nå budsjettmål. Føretaket har i modellen nytta ein skala frå ein til ti, der ti er høgaste risiko for at elementet inntreff og ein er lågaste risiko. Risikoelementas moglege nedside er uttrykt i estimert kroneverdi, og størrelsen på denne kombinert med sjanse for at det inntreff gjer risikoelementet. Risikoelementa som er identifisert vil krevje tett oppfølging frå føretaksleiinga og den enkelte klinikk.

Føretaket har gjennom budsjettprosessen fortløpande nytta risikovurdering av dei forskjellige forslaga til budsjett som metode, og styrka dei områda som har hatt høgast risiko i prosessen. Risiko i det framlagde budsjettet er høgare enn for budsjettet i 2021. Med dei planlagde tiltaka og risikobiletet i budsjettet er det sannsynleg at føretaket vil nå resultatkravet for 2022.

I tillegg til risiko for høgare kostnader som beskrive under, er det òg risiko lågare aktivitetsbaserte inntekter grunna pandemien.

Risikoelement:

Personalkostnader i forhold til aktivitet

Med ein høgare vekst i personalkostnader enn i den inntektsgivande aktiviteten innan somatikk dei siste 4 åra og med den stadig pågåande pandemisituasjonen som forsterkar denne trenden, vil dette gje utfordringar etter pandemien når ekstra midlar blir fjerna, medan føretaket sitt kostnadsnivå fortsatt ligg høgare enn dei normaliserte rammene tillèt.

Etter innflytting i nytt bygg med stor auke i faste kostnader og dei endringane som er lagt til grunn, er det ein ytterlegare risiko med å oppnå planlagt gevinstrealisering ved sida av å halde veksten i personalkostnadane nede på planlagt nivå i forhold til aktiviteten.

Risikoen for personalkostnader var satt høgt i budsjettsaka for budsjett 2021 med 40 millionar kroner. og etter innflytting i nybygg samt vedvarande effektar av pandemi i overgangen til 2022 er totalrisikoen for personalkostnader auka ytterlegare til 45 millionar kroner. Stadig større utfordringar knytt til rekruttering av nøkkelpersonell bidrar også til dette.

Rekruttering

Helse Fonna driv til saman fire sjukehus med akuttfunksjonar, noko som krev at det til ei kvar tid er tilgjengelig naudsynt kompetanse på kvar enkelt stad. Utfordringane med å skaffe

tilstrekkelig med spesielt overlegar og spesialsjukepleiarar har blitt meir krevjande dei siste åra. Særleg merkar ein dette på Stord, innanfor nokre spesialitetar/psykologspesialistar i Haugesund og ved Odda sjukehus.

Dette tilfører risiko i budsjettet på grunn av at manglande rekruttering til stillingar må løysast i drifta med mellombels løysingar i form av overtid, innleige og vikarbyrå.

Varekost

Varekostnadar og spesielt bruken av eingongsutstyr, laboratorieutstyr, H-resept legemiddel, kreft-legemiddel og behandlingshjelpemiddel, er stadig veksande. Dette er positivt for pasientane, men medfører ein betydeleg kostnadsauke for føretaket og bidrar til eit budsjett med stramme prioriteringar og knapphet på ressursar til andre viktige føremål. På lengre sikt kan ikkje denne trenden fortsetje og vi må halde fullt fokus på potensialet som ligg i nye regionale og nasjonale avtaler, for å hente inn noko av kostnadsveksten innan desse områda. Vi har auka budsjettet noko for å ta ned risiko på dette feltet, men står likevel igjen med ein risiko vurdert til 4 MNOK.

Behandlingshjelpemiddel

Det har vore auke i kostnadane til behandlingshjelpemiddel dei siste åra. Budsjettet for 2022 er auka med 5 MNOK i forhold til budsjett 2021. Det er likevel en risiko for at kostnadane neste år blir høgare en budsjettet, den estimerte risikoen er på 6 MNOK.

Systemansvar for nye IKT system.

Føretaket får stadig fleire IKT system til forvaltning. Systemansvarsoppgåva skal mellom anna bidra inn til å optimalisere bruken, gi opplæring og delta i regionale fora. Dette kan gje risiko for høgare turnover i avd. for helsedata.

Energi

På straum og andre former for energi som føretaket treng svært mykje av til lys og varme har det utover hausten 2021 skjedd ei prisauke. Helse Vest forhandlar fram avtalar for alle sine føretak for 2022 og vidare, og energiprisane for det komande året ser ut til å lande på eit vesentleg høgare nivå enn vi til no har vore vant med. Estimert risiko er på 7 MNOK

Finanskostnadar


Rentenivået er på veg opp. Dette kan også treffe helseføretaket og dei langsiktige låna vi har frå Helse Vest. I gjeldande økonomisk langtidsplan har vi tatt høgde for ei utvikling, men no er det kanskje ting som tyder på ei raskare auke i rentebana enn det som først vart antatt.

Pandemi

Der uvisst kor lenge pandemien varer. Dette kan gje risiko for manglande inntekter, auka ressursbruk, høgare sjukefråvær og manglande gevinstrealisering i høve til planane for

byggetrinn 1 ved Haugesund sjukehus. Budsjettet for Helse Fonna i 2022 har derfor høgare risiko enn tidlegare år.

Risikomatrise



Risikoelement	Sannsyn	Estimert verdi Heile MNOK
Personalkostnader i forhold til aktivitet	8	45 000
Varekostnader	6	6 000
Energi	7	7 000
Sum		58 000